



Sak nr 5/2014

Møtedato: 15.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Fiskereglar

Fjellstyret brukar ha ein gjennomgang av fiskereglane kvar fjellstyreperiode. Siste gjennomgang var i 2008.

Noverande fiskereglar :

1. Fiske med stong og handsnøre er tillate i tida fom. 1.1 tom. 15.9. Det er tillete å bruke maksimalt 2 stenger pr. fiskar. Barn og ungdom under 21 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong. Handsnøre eller stong som er sett ut blir rekna som faststående reiskap jfr. §2.
2. I tida fom 1.6 tom 15.9 kan innanbygds fiska med oter og faststående reiskap (garn, kupe, line, utstenglar). Kwart båtlag kan ikkje fiska med faststående reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båtlag. Som innanbygds er å rekne dei som er står i folkeregisteret for V.Slidre samt dei som er eigarar eller forpaktar av bruksberettiga eigendom i V.Slidre kommune.
3. Faststående reiskap skal på godt synlege flytemerker vere merka med fiskaren sitt namn og adresse. Merkinga skal berre skje nærast land.
4. Maksimalt tal for kvart båtlag ved garnfiske:
12 garn: Storfjorden
10 garn: Grønsenn og Rensenn
8 garn: M.Syndin, S.Syndin, Nestisvatnet, Mosvatnet og Halvorstøstjednet/Matkista
4 garn: Køltjednet, Strøstjednet, Svulttjedet og Skruvletjednet
Andre vatn er ikkje tillate for fiske med faststående reiskap.
5. Minste maskevidde for garn er 35 mm. Kwart garn skal ha vanleg lengde, ca. 25 meter.
6. Godkjent hevdvunne slørettar kan nyttast fom. 01.06 tom. 15.09.
7. Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i offentlege forskrifter, fjellov og innlandsfiskelov.

I Rensenn er det for tett fiskestamme og det trengst at det blir fiska hardare her. Reglane for avgrensingar i fiske med faststående reiskap bør derfor ikkje vera så strenge som det er i gjeldande reglar. Det vart i 2013 opna for fiske med oter for utanbygdsbuande med same grunngjeving. Dette er ei prøveordning med oterfiske for utanbygdsbuande i perioden 2013-2015:

- Ordninga gjeld i juli månad og det kan seljast 3 kort pr. døgn.
- Alt kortsalg skjer via Vasetsenteret.
- Bruk av båt er tillete og det kan brukast 2 oterar pr. person.
- Bruk av motor/elmotor er ikkje tillete.
- All fisk skal takast opp uavhengig kor stor fisken er
- Innan 1 veke skal det rapporterast om talet på fisketimar og fangst (stk/kg)
- Fiskerapport i rapportkasse på Rensenn eller i post til Vestre Slidre fjellstyre

Den del av Nørre Syndin som ligg i Vang er utegløymt i gjeldande fiskereglar for garnfiske. Det er foreslege same reglar som for Midtre Syndin. Alternativt kunne ein følgje same reglar som gjeld for den del av Nørre Syndin som ligg i Vang - både for stongfiske, oter og fiske med faststående reiskap. Fiske er tillete i N.Syndin i tida 16.6-14.10.

I dag er alt fiske freda i tida 16.9-31.12. Bakgrunn for fredinga er å sikre gyting. Det har vore ynskje om å kunne starte fiske tidlegare enn 1. januar.

Etter gjeldande reglar er det tillete å bruke maksimalt 2 stenger pr. fiskar. Ved isfiske er det vanleg å kunne nytte fleire pilkestikker og det er etterlyst at det kan opnast opp for dette.

Bruk av utstenglar for innanbygdsbuande har berre vore lov å bruke i perioden 1.6-15.9. Det er ynske om å kunne bruke dette om vinteren.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i brev datert 7.1.14 gjeve følgjande uttale:

Isfiske

Da Vestre Slidre Jeger- og Fiskarlaget har fått henvendelser fra fiskere som ønsker å drive med isfiske tidlig på vinteren, mener laget at fiskereglene i statsallmenningen bør endres slik at isfiske blir tillatt fra isen legger seg og fram til isen går igjen. Da det neppe er store mengder med fisk som tas i forbindelse med isfiske, bør det være tillatt å fiske med 5 pilkestikker pr. person.

For å tilpasse reglene til bygdefolks faktiske utøvelse av isfiske, bør fiskereglene åpne for at innenbygdsboende fiskere kan benytte ståsnører/utsteng. Bruk av ståsnører/utsteng bør begrenses til 5 ståsnører/utsteng pr. fisker.

Nørre Syndin

Nørre Syndin bør ha samme regler som Midtre Syndin,- dvs. maksimalt 8 garn pr. båtlag.

Ordlyd i reglane er foreslege noko endra for å gjera reglane klarere og at prøveordninga er innarbeidd i reglane.

Forslag til vedtak:

§1. Utanbygdsbuande og utlendingar har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong eller handsnøre. Det er tillete å bruke maksimalt 2 stenger pr. fiskar. Ved isfiske er det lov å bruke inntil 5 pilkestikker. Stong eller handsnøre som er sett ut blir rekna som faststående reiskap jfr. §2 og er ikkje tillete.

Utanbygdsbuande og utlendingar kan som ei prøveordning i perioden 2013-2015 fiske med oter i Rensenn mot løysing av eige fiskekort.

- Ordninga gjeld i juli månad og det kan seljast 3 kort pr. døgn.
- Alt kortsalg skjer via Vasetsenteret.
- Bruk av båt er tillete og det kan brukast 2 oterar pr. fiskar.
- Bruk av motor/elmotor er ikkje tillete.
- All fisk skal takast opp uavhengig kor stor fisken er
- Innan 1 veke skal det rapporterast om talet på fisketimar og fangst (stk/kg)
- Fiskerapport i rapportkasse på Rensenn eller i post til Vestre Slidre fjellstyre

§2 Innanbygdsbuande har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong, handsnøre, oter og faststående reiskap (utstenglar, line, ruse og botngarn). Som innanbygds er å rekne dei som er står i folkeregisteret for Vestre Slidre kommune, samt dei som er eigarar eller forpaktar av bruksberettiga eigedom i Vestre Slidre kommune.

Reglar for fiske med faststående reiskap og oter:

Vatn	Antall garn el. line pr båtlag	Minste maskevidde	Lengde på garn og line	Bruk av oter, line, ruse og garn er tillete i tida
Storfjorden	12	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Grønsenn	10	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Rensenn	10	fritt	25 m	fom 1.6 tom 15.9
S.Syndin, M.Syndin, N.Syndin (del i V. Slidre), Nestisvatnet, Mosvatnet, Halvorstølstjednet/Matkista	8	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Køltjednet, Strøstjednet, Svulttjedet, Skrivletjednet	4	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Andre vatn	Fiske med faststående reiskap er ikkje tillete, unnateke er fiske med utstenglar jf. §2 siste ledd			

Faststående reiskap skal på godt synleg flytemerke vere merka med fiskaren sitt namn og adresse. Merkinga skal berre skje nærast land.

Kvart båtlag kan ikkje fiska med faststående reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båtlag. Dette gjeld ikkje ved fiske i Rensenn.

Fiskaren må delta både ved utsetting, ettersyn og opptaking av faststående reiskap. Fiskaren kan ha med kven han vil som hjelpesmann under fisinga.

Ved fiske med utstenglar, er talet på utstenglar avgrensa til maksimalt 5 stk.

§3 Fiskekort må vera med under fisket og visast ved kontroll.

- §4 Barn og ungdom t.o.m. 20 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong eller handsnøre, men alder må kunne dokumenterast ved kontroll.
- §5 Alt fiske er freda i perioden f.o.m. 16.9 til vatna er islagte.
- §6 Godkjent hevdvunne slørettar kan nyttast f.o.m. 1.6 t.o.m. 15.9.
- §7 Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i fjellov og offentlege forskrifter/lover.
- §8 Brot på reglane vert straffa jf. fjellovas §37.
- §9 Reglane tek til å gjelde frå og med 1.3.2014.

Torill Trøen reiste følgjande forslag til endring av §1 fyrste setning: *Utanbygdsbuande og utlendingar som ikkje er busett i Noreg har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong eller handsnøre.*

Vedtak:

Forslaget til vedtak vart vedteke. Forslag til vedtak frå administrasjon fekk tre stemmer og forslag frå Trøen fekk to stemmer.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.14

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag
Vestre Slidre kommune